



Kviteseid kommune



# INKLUDERANDE BARNEHAGE- OG SKULEMILJØ

Plan for satsingsperioden 2018-2021

Revidert tiltaksplan august 2019

## Innhald

|  |    |
|--|----|
| Organisering av arbeidet .....                                   | 2  |
| Overordna organisering .....                                     | 2  |
| Gjennomføring av kompetanseutvikling .....                       | 2  |
| Føresetnader .....   | 3  |
| Kviteseid kommune .....  | 3  |
| Moglegheiter .....   | 3  |
| Utfordringar .....   | 4  |
| Andre område satsinga blir sett i samband med .....              | 4  |
| Involvering av barn/elevlar, tilsette og føresette .....         | 5  |
| Forankring og innspel til planarbeidet .....                     | 5  |
| Oppsummering .....   | 7  |
| Vidare arbeid med involvering av barn/elevlar og føresette ..... | 8  |
| Ressurspersonar i satsinga .....                                 | 8  |
| Roller og oppgåver .....   | 9  |
| Finansiering .....   | 9  |
| Mål .....  | 10 |
| Overordna mål .....  | 10 |
| Barnehagen .....   | 10 |
| Skulen .....   | 11 |
| TILTAKSPLAN FOR BARNEHAGE .....                                  | 13 |
| TILTAKSPLAN FOR SKULE .....                                      | 14 |
| Progresjonsplan for tiltak .....                                 | 15 |



## Organisering av arbeidet

### Overordna organisering

Dei seks kommunane i Vest -Telemark er alle med i pulje 3 av *Inkluderande barnehage- og skulemiljø*, og samarbeider også i desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen (DEKOMP) og regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen (REKOMP). Samarbeidet er ei styrke for satsinga, og gjer m.a. at ein har høve til å etablere eit større nettverk, kan samarbeide med Universitetet i Sør-aust-Noreg (USN) og har økonomi til å invitere foredragshaldarar.

Kompetanseutviklinga vil gå føre seg på to nivå, regionalt og lokalt. Regionalt i denne samanheng tyder i Vest-Telemark. Lokalt tyder i kvar kommune. Regionalt vil Forum for utdanning i Vest-Telemark vera styringsgruppe for prosjektet. Lokalt er kommunalsjef skule og barnehage prosjektleiar.

### Gjennomføring av kompetanseutvikling

Regionalt legg Forum for utdanning opp til ein felles planleggingsdag for skulane i Vest-Telemark i året i prosjektperioden frå og med hausten 2018. Tema på felles planleggingsdag vil vera både relevant for satsinga, og sett i samanheng med fagfornyinga og/eller andre felles satsingsområde.

Barnehageforum er sett saman av fagansvarleg på barnehageeigarnivå i dei seks kommunane. Barnehageforum arrangerer årleg ein felles planleggingsdag og to styrarsamlingar (haust og vår). Dette ynskjer barnehageforum å halde fram med, med atterhald om at ny ordning for tildeling av kompetansemidlar til barnehagane gjev moglegheit for det. Her vil også tema vera inkluderande barnehagemiljø sett i lys av å implementer rammeplanen frå 2017.

Det er etablert eit lærande nettverk for ressurspersonane i skule og barnehage i alle dei seks kommunane i samarbeid med Universitetet i Sør-aust Noreg (USN). Nettverket legg m.a. opp til å ha samling i etterkant av dei nasjonale samlingane. Ressurspersonane vil då få høve til å drøfte, øve på metodikk m.m. med tanke på å formidle vidare innhaldet frå samlingane til tilsette i skule og barnehage.

Kommunane i Vest-Telemark har felles pedagogisk-psykologisk teneste (PPT). Alle tilsette i PPT vil delta på dei nasjonale samlingane, saman med personar frå kommunane. Inkluderande barnehage- og skulemiljø vil også vera PPT sitt utviklingsarbeid i perioden. I tillegg deltek leiar for PPT på nettverksamlingane.

Den lokale kompetansehevinga på kommunenivå kjem fram av målplanen og tiltaksplanen. I tråd med intensjonen i satsinga, vil ressurspersonane på skule og barnehage ha ansvaret for den skule- og barnehagebaserte kompetansehevinga i samarbeid med skule- og barnehageleiinga.



## **Føresetnader**

### [Kviteseid kommune](#)

Kviteseid kommune har fire einingar som er med i satsinga. Kviteseid skule er ein 10.åring skule med ca. 175 elevar. Brunkeberg oppvekstsenter har skule for 1.-4. klasse og har ca. 30 elevar. Barnehagen har to avdelingar og opp til 48 plassar. Straumsnes oppvekstsenter har skule for 1.-4. klasse og har ca. 10 elevar. Barnehagen har ei avdeling med opp til 18 plassar. Kviteseid barnehage har tre avdelingar og 59 plassar.

### [Moglegheiter](#)

Felles for alle einingane er at Kviteseid kommune har jobba med «Språkløyper» som skule- og barnehagebasert kompetanseheving gjennom fleire år. Kviteseid kommune er også med i satsinga «Språkkommune». Dette gjer at alle einingar har erfaring frå å jobbe med skule- og barnehagebasert kompetanseheving.

Skulane har deltatt i «Ungdomstrinn i utvikling» med klasseleiing som tema. Dette tyder at ein er vand med funksjonen ressursperson, personalet har jobba med m.a. viktigheita av relasjonar og

dette er godt forankra. Det tyder også at ulik arbeidsmetodikk knytt til å jobbe skulebasert er kjent for personalet.

## Utfordringar

For både skule og barnehage er det mange behov og forventingar knytt til å drive utviklingsarbeid og skule- og barnehagebasert kompetanseheving. Døme på dette er innføring av ny rammeplan i barnehagen og fagfornyinga i skulen, digitalisering og pedagogisk bruk av IKT, språkløyper, endringar i regelverk, krav knytt til avtaleverk og internkontroll og lokale politiske vedtak. Det er ei stadig utfordring på sektoren å vera pådrivar for utviklingsarbeid, samstundes som ein tek omsyn til kapasiteten. Det er ei målsetting å legge til rette arbeidet slik at dei ulike områda blir sett i samanheng og utfyller kvarandre.

## Andre område satsinga blir sett i samband med

Kviteseid kommune har i 2018 vedtatt «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar». Alle sektorar er utfordra på korleis dei frå sin posisjon kan møte denne utfordringa. Læringsmiljøsenderet skriv på sine heimesider (<https://laringsmiljosenteret.uis.no/skole/psykisk-helse/omsorgssvikt-vold-og-misbruk/hvordan-bekjempe-vold-og-hva-kan-gjores-i-skolen-article118243-21063.html>) at lærarar og tilsette i skulen si rolle er å identifisere om ein elev blir utsatt for vald og melde frå til hjelpeinstansar. Dette samsvarar m.a. med plikta til å følgje med i Opplæringslova § 9a. I både skule og barnehage handlar det i stor grad om å gode vaksne-barn relasjonar, samtalekompetanse og gode rutinar for varsling. Dette vil bli jobba med i denne satsinga.

Einingane har nyleg utarbeida retningslinjer for elevrådet, samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet. Å implementere retningslinjene vil utfylle arbeidet med denne satsinga.


Fagfornyinga i skule og ny rammeplan i barnehagen har fleire sider ved seg som handlar om det psykososiale miljøet. Arbeid med fagfornyinga og rammeplanen vil der det er naturleg bli sett i samband med satsinga, både regionalt i Vest-Telemark og lokalt i Kviteseid kommune.



## Involvering av barn/elevlar, tilsette og føresette

### Forankring og innspel til planarbeidet

Som ein del av arbeidet med å utarbeide planen og forankre satsinga hos dei tilsette og andre grupper, har vi tatt utgangspunkt i handlingsløyfa. Dei ulike gruppene har blitt bedt om å reflektere over våre styrker og svakheiter med utgangspunkt i handlingsløyfa som vist under.



## Lærarane

| Styrker  | Svakheiter   |
|--|--|
| <p>Alle følgjer opp.</p> <p>Vi har mange på inspeksjon.</p> <p>Vi har gode relasjonar til elevane.</p> <p>Vi har ei felles forståing av elevane – vi gjev ikkje opp.</p> <p>Vi har høg vaksentettleik.</p> <p>Vi veit kva for elevlar vi treng å følgje opp.</p> | <p>Vi gløymer inspeksjonsvakter, særleg sårbart ved vikar.</p> <p>Ser vi <i>alle</i> elevane? Kjenner vi alle godt nok?</p> <p>Får vi relevant informasjon? Treng vi betre rutinar for informasjonsflyt?</p> <p>Dårleg tilrettelagt utemiljø.</p> <p>Av og til ei kjensle av at nokre situasjonar kring elevlar ikkje let seg løyse.</p> |

|   |  |
|---|--|
| <p>Vi opplever at vaksne stort sett er gode til å gripe inn.</p> <p>Vi har fått sosiallærar.</p> <p>Vi har rutinar på elevsamtaler og foreldresamtaler.</p> <p>Vi samarbeider om elevar på tvers av trinn/klasser.</p> <p>Vi har ein liten (elevtal) oversikteg skule med små klasser.</p> <p>Vi har eit positivt elevsyn.</p> <p>Vi har eit godt skule/heim samarbeid.</p> <p>Vi har tiltak slik som ART, Jentesnakk og Zippys venner.</p> <p>Sosiale arrangement for elevane, slik som ulike turar.</p> | <p>Det er vanskeleg å ha oversikt over heile uteområdet.</p> <p>Vi er usikre på varslingsrutinane våre, og ei er ikkje godt nok kjent.</p> <p>Vi set inn tiltak, men er uklar på når det skal avsluttast og korleis det skal evaluerast.</p> <p>Vi er ikkje gode nok på tidleg innsats, verken fagleg eller sosialt.</p> <p>Vi manglar kunnskap om å snu ein negativ trend.</p> <p>Vi manglar kartleggingsverktøy og observasjonsmetodikk.</p> <p>Det er tidkrevjande å jobbe med sosial læring og konfliktløysing.</p> <p>Vi treng å lære korleis vi har ei profesjonell elevsamtale.</p> <p>Vi treng meir kunnskap om konflikthandsaming.</p> <p>Vi treng meir informasjon ved overgangar.</p> <p>Nokre hendingar vi kjem opp i har vi ikkje god nok forståing av.</p> |
|---|--|

## Barnehagepersonalet

| Styrker  | Svakheiter   |
|--|--|
| <p>Barnehagen har fleire gode arenaer til å jobbe med temaet og kor ein kan sette inn tiltak.</p> <p>God vaksentettleik som gjer at ein kan sjå kvart enkelt barn betre.</p> <p>Gode på å stoppe stygg munnbruk blant barna i situasjonen.</p> <p>God dialog/tett samarbeid med føresette.</p> | <p>Lite kunnskap rundt tema. Nå kan det vera haldningar rundt tema som styrer korleis ein handlar når eit barn kjem til ein, og ikkje kunnskap.</p> <p>Lite rutinar og verktøy for å imøtekomme på riktig måte.</p> <p>Manglar system for korleis ein skal gå fram i mobbesaker</p> <p>Manglar system for dei gode observasjonane og struktur på observasjonane.</p> <p>Usikre på rutinar for varslings.</p> |

|  |   |
|--|---|
|  | <p>Kan vera krevjande å handtere teieplikta rett for alle partar.</p> <p>Har jobba lite med å sette inn tiltak og evaluere.</p> |
|--|---|

### Innspel frå elevrådet

| Styrker  | Svakheiter  |
|--|---|
| <p>Moglegheit for sløydaktivitetar i friminutta.</p> <p>Møteplassar for elevane (t.d. sofaene på ungdomstrinnet).</p> <p>Bra sosialt miljø mellom elevane.</p> <p>Nokre lærarar tek seg tid til å fikse problem ein elev måtte ha.</p> <p>Bra med få elevar i kvar klasse.</p> <p>Elevane jobbar bra.</p> <p>Alle er hyggelege mot kvarande.</p> <p>Elevar og lærarar aksepterer kvarandre.</p> <p>Vi tar vare på kvarandre.</p> | <p>Ting som blir øydelagt blir seint eller sjeldan reparert.</p> <p>Liten moglegheit for ulike aktivitetar på uteområdet.</p> <p>Dårleg teknisk utstyr (PC-ar) og tilgang til nett.</p> <p>Det er få sitteplassar.</p> <p>Det er få grupperom.</p> <p>Ynskjer fleire tilbod i friminutta (t.d. turneringar).</p> <p>Ynskjer kantine/lunsj (helst varm mat).</p> |

### Innspel frå SMU og FAU

-Legge til rette for ulike aktivitetar (t.d.) turneringar for fleire klasser og elevar, gjerne på tvers av trinn.

-Fagaktivitetar på tvers av trinn.

-Spelerelar for korleis ein omtalar kvarandre/slå ned på negativ språkbruk. Dette gjeld også språkbruk/krenkingar kring kropp og utsjånad.

### Oppsummering

Nokre av innspela gjeng på felles reglar og etterleving av desse. Mange av innspela til elevane blir høyrd ved at Kviteseid skule for tida blir modernisert og pussa opp.

**Styrker:** Lærarane opplever å ha god relasjon til elevane, og elevane er einige i dette. Både lærarar og barehagetilsette opplever eit godt samarbeid med heimen, og at dei har oversikt over barne-/elevgruppa.



**Svakheiter:** Lærarane seier at dei er usikre på når det skal varslast og korleis dette skal gjerast. Dei seier at dei manglar kartleggingsverktøy og kunnskap om observasjon og samtaleteknikk. Dei seier at det blir sett inn tiltak, men at evaluering manglar. Dei seier at nokre hendingar forstår dei ikkje godt nok.

Barnehagepersonalet seier at dei har lite kunnskap om tema, og at dei manglar system for korleis dei skal gå fram når dei oppdagar mobbing i barnehagen.

Elevar og føresette etterlyser fleire aktivitetar i friminutta.

### Vidare arbeid med involvering av barn/elevar og føresette

Gjennom å implementere retningslinjer for elevrådet og SU/SMU, vil det systematiske samarbeidet om skule- og barnehagemiljøet bli styrka. Det er ei målsetting i satsinga at både skule og barnehage skal bli betre på å samtale med barn og unge og få opplæring i konkrete verktøy for å kartlegge skule- og barnehagemiljøet.

Ein svakheit hos oss er at vi ikkje har tilgang på informasjon om stoda kring miljøet i barnehagane eller på 1.-4. trinn sett frå barna/elevane sin ståstad. I barnehagen har vi heller ikkje tilgang til informasjon om korles personalet opplever miljøet. Det bør vera ei målsetting i satsingsperioden å implementere verktøy som gjer at vi får kunnskap om dette.



### Ressurspersonar i satsinga

I satsingsperioden (2018/19, 2019/20 og 2020/21) er det tilsett ein ressursperson på barnehage i 20% stilling og ein ressursperson på skule i 20% stilling. På skule er funksjonen som ressursperson lagt til funksjonen som sosiallærer. Det er tenkt at dette skal gje større fleksibilitet

til sosiallærafunksjonen, og bidra til kompetanseheving for sosiallærer, som er ny i stillinga. På barnehage er funksjonen som ressursperson knytt til ein av barnehageleiarane.

## Roller og oppgåver

Kommunalsjef skule- og barnehage er prosjektleiar, og har det overordna ansvaret for satsinga. Dette inneber mellom anna arbeidet med planar, økonomi og rapportering. Ho er bindeleddet inn til den regionale delen av satsinga og har ansvar for at det blir etablert nettverk.

Skule- og barnehageleiinga har ansvar for å legge til rette for dei ulike tiltaka på si eining/avdeling i samarbeid med ressurspersonane. Dei skal i samarbeid med ressurspersonane syte for at kunnskapen frå dei nasjonale samlingane kjem ut til alle dei tilsette. Dei skal bidra i arbeidet med planar og revidering av desse.

Ressurspersonane skal vera pådrivarar for satsinga, og samarbeidspartnarar for skule- og barnehageleiinga. Dei har i samarbeid med skule- og barnehageleiinga ansvar for at kunnskapen frå dei nasjonale samlingane kjem ut til alle tilsette i alle skulane og barnehagane. Det er ei ein funksjon med stor grad av sjølvstende, og moglegheit for eigne initiativ. Ressurspersonane har i oppgåva å «ta temperaturen» på kva for behov personalet har utover i satsinga og i samarbeid med skule- og barnehageleiinga og kommunalsjef styre satsinga deretter, t.d. gjennom utarbeiding og revisjon av mål- og tiltaksplanar.



## Finansiering

Kviteseid kommune har mottatt 520.000,- kr. i stønad frå Utdanningsdirektoratet for heile prosjektperioden. Summen fordelast likt mellom barnehage og skule (260.000,- kr. på kvar). Midlane brukast til å finansiere ressurspersonane sine stillingar, og blir overført til einingane dei høyrer til på.

Reisekostnader for deltakarar til nasjonale og fylkesvise samlingar dekkast av kursmidlar på dei ulike einingane.

Reise- og opphaldskostnader og faglitteratur for ressurspersonar i samband med nettverkssamlingar, ulike kurs o.l. dekkast av eininga dei høyrer til på. Felles regionale planleggingsdagar for skule- og barnehage, nettverkssamlingane og styrarsamlingar blir finansiert av midlar frå desentralisert ordning for kompetanseheving (skule) og regional ordning for kompetanseheving (barnehage).



## Mål

### Overordna mål

- Barnehagen skal ha høg kvalitet som fremjar trivsel, leik og læring
- Elevar skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø

Eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø utan mobbing og andre krenkingar er både eit mål i seg sjølv og ein føresetnad for leik, læring og utvikling.

*Overordna mål frå søknaden om deltaking i pulje 3:*

Auke skulane og barnehagane i Vest-Telemark sin kompetanse til å fremje gode og trygge skule- og barnehagemiljø.

### Barnehagen

| Perspektiv | Resultatmål  | Effekt mål   | Indikator / kjenneteikn   |
|------------|--|--|---|
| Leiing     | Leiinga og personalet har ei felles forståing av kva som kjenneteiknar eit trygt og godt barnehagemiljø. | Barn og føresette møter ein samstemt barnehage i arbeidet med å skape eit trygt og godt barnehagemiljø for alle. | GLØD (Kompetansekartlegging)<br>Tema: «Eit inkluderande miljø for omsorg, leik og læring» Tilsette skårar seg sjølv høgare ved slutten av satsingsperioden enn ved start. Særleg gjeld dette på |

|                    |  |  |  |
|--------------------|--|--|--|
|                    |  |  | «Barnehagens arbeid med å førebygge, avdekke, stoppe og følge opp mobbing og utstenging.»  |
| Pedagogisk praksis | Vi praktiserer ei lik forståing av vaksenrolla og møter barn med anerkjennande kommunikasjon.                                    | Barn og føresette møter samstemte, varme, trygge, tydelege vaksne.                     | Foreldreundersøkinga:<br>«Eg opplever at barnet mitt føler seg trygg på personalet i barnehagen.»<br>«Eg opplever at dei tilsette tek omsyn til behov hos barnet mitt.»<br>«Eg opplever at dei tilsette er engasjerte i barnet mitt.»<br>«Eg har inntrykk av at barnet mitt får vere med på å påverke innhaldet i barnehagedagen.» |
| Organisasjon       | Vi har kartleggingsverktøy som er satt i system og som vi har kunnskap til å bruke for å skape eit trygt og godt barnehagemiljø. | Dei tilsette brukar resultat frå kartleggingar systematisk i det pedagogiske arbeidet. | Foreldreundersøkinga:<br>«Eg har inntrykk av at barnet mitt trivst i barnehagen.»<br>«Eg har inntrykk av at barnet mitt har venner i barnehagen.»  |

## Skulen

| Perspektiv | Resultatmål   | Effekt mål  | Indikator / kjenneteikn   |
|------------|---|---|---|
| Leiing     | Leiinga og personalet har ei felles forståing av «handlingssløyfa» og kva som kjenneteiknar eit trygt og godt skulemiljø. | Elevar og føresette møter ein samstemt og profesjonell skule i arbeidet med å skape eit trygt og godt skulemiljø. | <a href="#">Reflex</a> . Svar frå lærarane på «Skulemiljø: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø.»<br><a href="#">Reflex</a> . Svar frå skuleleiinga på «Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø» og «Skulemiljø: Skulens plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre» |

|                    |  |   |  |
|--------------------|--|---|--|
| Pedagogisk praksis | Vi ser kvar enkelt elev, tar ansvar for relasjonen og har eit særskilt blikk for sårbare elevar. | Elevar og føresette møter samstemte, varme, trygge, tydelege vaksne.  | <p><a href="#">Reflex</a>. Svar frå lærarane på «Skulemiljø: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø.»</p> <p><a href="#">Reflex</a>. Svar frå skuleleiinga på «Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø» og «Skulemiljø: Skulens plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre»</p> |
| Organisasjon       | Vi har rutinar for når vi skal varsle, og ei felles forståing og praktisering av desse.          | Dei tilsette er trygge på når dei skal varsle, og praktiserer varsling som ein naturleg del av arbeidet med å skape eit trygt og godt skulemiljø. | <p><a href="#">Reflex</a>. Svar frå lærarane på «Skulemiljø: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø.»</p> <p><a href="#">Reflex</a>. Svar frå skuleleiinga på «Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø» og «Skulemiljø: Skulens plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre»</p> |
|                    | Vi har kartleggingsverktøy som er satt i system og som vi har kunnskap til å bruke.              | Dei tilsette brukar resultat frå kartleggingar systematisk i det pedagogiske arbeidet.  | <p><a href="#">Reflex</a>. Svar frå lærarane på «Skulemiljø: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø.»</p> <p><a href="#">Reflex</a>. Svar frå skuleleiinga på «Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø» og «Skulemiljø: Skulens plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre»</p> |

| <b>TILTAKSPLAN FOR BARNEHAGE</b>   |   |                                     |   |   |
|--|---|-------------------------------------|---|---|
| <b>Resultatmål</b>   | <b>Tiltak</b>   | <b>Periode</b>                      | <b>Ansvar</b>   | <b>Status</b>   |
| Leinga og personalet har ei felles forståing av kva som kjenneteiknar eit trygt og godt barnehagemiljø.                            | Deltaking på nasjonale samlingar og arbeid med innhaldet i samlinga i personalet etterpå.       | Halvårleg i heile prosjekt-perioden | Ressursperson i samarbeid med barnehageleiinga.                 | Gjennomført fellesmøte alle barnehagane våren 2019.   |
|  | Felles planleggingsdagar i Vest-Telemark med for/etterarbeid.                                   | Årleg heile prosjekt-perioden       | Ressursperson i samarbeid med barnehageleiinga og kommunalsjef. | Gjennomført 26/10-18  |
|  | Felles styrar/pedagogksamlingar i Vest-Telemark med for/etterarbeid.                            | Halvårleg i heile prosjekt-perioden | Ressursperson i samarbeid med barnehageleiinga og kommunalsjef. | Gjennomført 15/11-18 og 27/03.19  |
| <b>Resultatmål</b>   | <b>Tiltak</b>   | <b>Periode</b>                      | <b>Ansvar</b>   | <b>Status</b>   |
| Vi praktiserer ei lik forståing av vaksenrolla og møter barn med anerkjennande kommunikasjon.                                      | Opplæring i samtaleteknikk/anerkjennande kommunikasjon.   | Haust 2020                          | Ressursperson   |   |
|  |   | Vår 2021                            |   |   |
|  | Utarbeide god praksis for varsling når eit barn ikkje har det trygt og godt i barnehagemiljøet. | Haust 2020                          | Kommunalsjef i samarbeid med barnehageleiinga                   |   |
| Arbeid i personalet med case-oppgåver knytt til trygt og godt barnehagemiljø og forståing og praktisering av regelverk og rutinar. |   | Halvårleg frå haust 2019            | Ressursperson i samarbeid med barnehageleiinga.                 |   |
| <b>Resultatmål</b>   | <b>Tiltak</b>   | <b>Periode</b>                      | <b>Ansvar</b>   | <b>Status</b>   |
| Vi har kartleggingsverktøy som er satt i system og som vi har kunnskap til å bruke for å skape eit trygt og godt barnehagemiljø.   | Opplæring verktøy for kartlegging av barnehagemiljøet.  | Haust 2019                          | Ressursperson   | Ressursperson for barnehage har ansvar for å vurderer og prøve ut kartleggingsverktøy for barnehage. Har prøvd «Kari Pape»-modellen vår 2019, men barnehagane ynskjer å prøve ut andre verktøy. |
|  |   | Vår 2020                            |   |   |

| <b>TILTAKSPLAN FOR SKULE</b>  |  |                                     |   |  |
|---|--|-------------------------------------|---|--|
| <b>Resultatmål</b>  | <b>Tiltak</b>  | <b>Periode</b>                      | <b>Ansvar</b>   | <b>Status</b>                              |
| Leinga og personalet har ei felles forståing av «handlingsløyfa» og kva som kjenneteiknar eit trygt og godt skulemiljø. | Deltaking på nasjonale samlingar og arbeid med innhaldet i samlinga i personalet etterpå.                                      | Halvårleg i heile prosjekt-perioden | Ressursperson i samarbeid med skuleleiinga.                 | Gjennomført samlingar våren 2019 for alle. |
|   | Skuleleiinga deltek på Fylkesmannen sine samlingar om profesjonalitet i § 9a- saker.   | Våren 2019 – våren 2020             | Kommunalsjef og skuleleiinga.                               | Gjennomført fyrste samling 05.06.19.       |
|   | Revisjon av «Plan for eit trygt og godt skulemiljø» og tilhøyrande malar.  | Haust 2019                          | Kommunalsjef  |  |
| <b>Resultatmål</b>  | <b>Tiltak</b>  | <b>Periode</b>                      | <b>Ansvar</b>   | <b>Status</b>                              |
| Vi ser kvar enkelt elev, tar ansvar for relasjonen og har eit særskilt blick for sårbare elevar.                        | Felles planleggingsdagar i Vest-Telemark med for/etterarbeid.  | Årleg i heile prosjekt-perioden     | Ressursperson i samarbeid med skuleleiinga og kommunalsjef. | Gjennomført 26/10-18                       |
|   | Arbeid i personalet med case-oppgåver knytt til trygt og godt skulemiljø og forståing og praktisering av regelverk og rutinar. | Frå haust 2019 og framover.         | Ressursperson i samarbeid med skuleleiinga.                 |  |
| <b>Resultatmål</b>  | <b>Tiltak</b>  | <b>Periode</b>                      | <b>Ansvar</b>   | <b>Status</b>                              |
| Vi har rutinar for når vi skal varsle, og ei felles forståing og praktisering av desse.                                 | Utarbeide god praksis for varsling når ein elev eller gruppe ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.                           | Haust 2020                          | Kommunalsjef i samarbeid med skuleleiinga                   |  |
| <b>Resultatmål</b>  | <b>Tiltak</b>  | <b>Periode</b>                      | <b>Ansvar</b>   | <b>Status</b>                              |
| Vi har kartleggingsverktøy som er satt i system og som vi har kunnskap til å bruke.                                     | Innføring av «spekter»   | Haust 2019                          | Ressursperson   |  |
|   |  | Vår 2020                            |   |  |
|   | Opplæring i samtaleteknikk/anerkjennande kommunikasjon   | Haust 2020                          | Ressursperson   |  |
|   |  | Vår 2021                            |   |  |

## Progresjonsplan for tiltak

| Skuleår | Tidsrom                | Barnehage   | Skule  |
|---------|------------------------|---|--|
|         | Heile prosjektperioden | <p>Deltaking på nasjonale samlingar og arbeid med innhaldet i samlinga i personalet etterpå.</p> <p>Felles planleggingsdagar og styrarsamlingar i Vest-Telemark med for/etterarbeid.</p> <p><i>Frå haust 2019:</i> Arbeid i personalet med case-oppgåver knytt til trygt og godt barnehagemiljø og forståing og praktisering av regelverk og rutinar.</p> | <p>Deltaking på nasjonale samlingar og arbeid med innhaldet i samlinga i personalet etterpå.</p> <p>Felles planleggingsdagar i Vest-Telemark med for/etterarbeid.</p> <p><i>Frå haust 2019:</i> Arbeid i personalet med case-oppgåver knytt til trygt og godt skulemiljø og forståing og praktisering av regelverk og rutinar.</p> |
| 1       | Vår 2019 - vår 2020    |   | Skuleleinga deltek på Fylkesmannen sine samlingar om profesjonalitet i § 9a- saker.  |
| 2       | Haut 2019              | Opplæring i verktøy for kartlegging av barnehagemiljøet.  | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Samtaleteknikk/høring av barn</li> <li>-Revisjon av «Plan for eit trygt og godt skulemiljø»</li> <li>-Pilotering av «Spekter» (Digital versjon)</li> </ul>   |
|         | Vår 2020               | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Opplæring i verktøy for kartlegging av barnehagemiljøet</li> <li>-Foreldremøte NYTT TILTAK</li> </ul>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>-Samtaleteknikk/høring av barn</li> <li>-Foreldremøte (1.-4. trinn) NYTT TILTAK</li> <li>-Innføring av «Spekter» for alle</li> </ul>  |
| 3       | Haut 2020              | <p>Utarbeide god praksis for varsling når eit barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen.</p> <p>Opplæring i samtaleteknikk/anerkjennande kommunikasjon</p>  | Utarbeide god praksis for varsling når ein elev eller gruppe ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.   |
|         | Vår 2021               | Opplæring i samtaleteknikk/anerkjennande kommunikasjon  |  |